

5 Å bli tatt på alvor, og når ein ikkje er alvorleg

Sønneland, 2024

Lesesenteret, UIS/Språkløyper.no

Å lytte til opptak av elevsamtale, er mest som å få ei gavepakke. I ro og mak kan ein som lærar få tak i kva elevane seier, korleis dei responderer på teksten og korleis dei responderer på medelevane sine ytringar. Læraren kan rett og slett få tak i kva elevane forstår og til og med korleis dei uttrykker det dei forstår. Det er eit fruktbart utgangspunkt på veg mot å utvikle forståing både hos elev og lærar. Det å ta seg tid til å lytte ordentleg, gjerne ved å lytte til opptak som ein både kan stoppe og spele på ny, er ei verdifull investering på veg mot å få kunnskap om elevane sine forståingar, erfaringar og deira *samtale*. Når vi har tilgang til og kunnskap om kor elevane er i si utvikling, er det mykje lettare å planlegge vegen vidare enn når vi ikkje veit. Ekte kjennskap til elevane si tekstforståing er svært godt å ha med seg vidare i planleggingsarbeidet.

Å lytte i ro og mak er ein ting, men å få tak i den same informasjonen og kunnskapen midt i kampens hete mens ytringane meir eller mindre gjallar veggimellom, er ei anna. Likevel, det er mogleg også i denne situasjonen å få tak i kva elevane snakkar om, slik at vi kan hjelpe dei til å utvikle tankane og erfaringane sine. Lærar kan for eksempel gå mellom gruppene for å forsøke å få med seg kva elevane snakkar om og korleis dei snakkar om det. I denne situasjonen er det viktig å huske på at ein ikkje må gå altfor nære - då risikerer ein nemleg at elevane begynner å snakke om teksten på måtar dei trur læraren vil dei skal. Vi har meir enn ein gong vore synlege fluger bakarst i klasserommet og blitt overraska over og nysgjerrige på kvifor gruppesamtalen endrar seg så fort læraren nærmar seg.

Men, dersom læraren har bevega seg tilsynelatande upåverka rundt i klasserommet, kikkande ut vindaugget med øyrene på stilkar og tjuvlytta, er det stor sjanse for at hen får med seg sentrale tema som samtalan dreier rundt i dei ulike gruppene. Det hen kan fundere på etter å ha identifisert ulike tema frå samtalan, er korleis dette kan tas opp i plenum. Ei moglegheit kan vere å skrive opp dei ulike temaa på tavla – eitt frå kvar gruppe. Deretter kan gruppene plassere seg oppe ved tavla og skrive opp punkta dei lurar på, refleksjonar dei har gjort seg, eller idear dei har. Etter 3-4 minuttar, kan så elevgruppene bytte tema og skrive noko som ikkje allereie er skrive før. Til slutt, når alle gruppene er gjennom, kan dei flytte seg mellom temaa og sjå kva andre har tenkt og skrive.

Ein annan måte å utvikle elevane sine erfaringar og forståingar på, er plenumssamtale i etterkant av gruppesamtalan. Plenumssamtale er både ei moglegheit for elevane å vende seg til kvarandre som klasse og dele sine erfaringar med alle saman, og samtidig er det ei moglegheit for læraren til å samle troppane på ein måte som er med og skape den faglege fellesskapsfølelsen. Eit viktig steg i retning av å bygge slike fellesskap, er at elevane opplever at det er viktig at dei deltar med sine tankar og idear.

Det hjelper lite om læreren inviterer til deling i plenum, dersom hen ikkje eigentleg er interessert i kva elevane kjem med. Det vert gjennomskoda raskt. Ein måte å vise at ein tar elevane sine bidrag i plenum på alvor, er enkelt og greitt at ein lyttar og bekreftar at ein både høyrer og anerkjenner bidraget. «Mmm», «ok», «syns du det», «sier du det», «interessant», «javel», er responsar dei fleste lærarar gjenkjenner og tyr til. Desse er vel og bra, og signaliserer både støtte og anerkjenning. Og så kan det vere verd å ha i bakhovudet, at om alle tankar og bidrag blir møtt på ein utelukkande støttande måte, så kan det framstå som at alt som vert sagt er like-gyldig. Eller likegyldig. Det er ein hårfin balanse mellom å anerkjenne og å lukke samtalerommet for andre forslag. Utbryter vi «JA! Akkurat!» som respons til Trudes bud på tolking, er det lett å forstå at andre lar vere med å komme med andre forslag. Ein ordentleg støtte kan altså rett og slett ekskludere andre forslag.

Like viktig som ukritisk støtte og anerkjenning, er den litle utfordringa til det som blir sagt – som også fungerer som demonstrasjon på at læreren tar elevane sine ytringar på alvor. «Kan du forklare oss korleis du kom fram til det» til Trude, hjelper henne å sette ord på slutningane ho har dradd og erfaringane ho har gjort seg, og hjelper henne vidare. Balansen mellom bekrefting og utfordringar bidreg til utvikling av elevane sine erfaringar. Å ta elevane på alvor, handlar om å anerkjenne bidraga frå dei som ein del av den faglege samtalen, heilt på ordentleg, og å stille dei spørsmåla som ytringane deira reiser. Og ja, det gjeld til og med – og kanskje til og med særleg - når tankar og idear vert kommunisert gjennom tøys, tull og leik.

Læreren si viktige rolle anten hen vel å la elevane stå framfor tavlene sjølv, eller at hen opnar rommet for heilklassesamtale om sentrale tema, er å legge merke til eller identifisere potensialet i det elevane seier, uansett om dei vert ytra gjennom ein alvorleg eller leikande diskurs. Dette er ei øving som både krev tolmod, oppmerksamheit og velvilje og det kan vere lurt og rett og slett ta seg tenkepausar når elevane deler i plenum. Lærarar nyttar nokre gonger anledninga til å skrive opp det elevane seier, nesten som dei hadde gjort sjølv på tavlene. Då kan vi både gjenta for å sjekke med elevane at vi har forstått og høyrte riktig: «Marie, var det sånn at du lurte på kva som gjorde at bestemora fall ned i brønnen?» – og få anten stadfesting eller nyansering. Læreren kan også sette det elevane seier i samanheng med kvarandre: «det du sa, Fredrik, om at bestemora hadde fått stein i staden for vatn i bøttene, på kva måte kan det vere eit mogleg svar til det Marie spurde om?» Når elevane deler i plenum, kan det komme opp mange forskjellige tankar, idear, følelsar og refleksjonar, og læreren har ei viktig rolle i å binde ytringane saman og ikkje minst, tydeleg vise elevane korleis dei eventuelt heng saman og korleis dei ikkje heng saman.